

## Oppgraderer gjerde ved Uskedal skule.

23.03.2020



Jone Harkestad i Valen Gartneri og Vedlikehald har jobben med å fornya gjerde ved Uskedal skule.

**Arbeidet med fornying og oppgadering av gjerde rundt barnehagen og skulen held fram. No gjeld det eit område mot Stølavikjo, frå pumpehuset til porten ved kunstgrasbanen, om lag 50 meter. Gamal gjerdenot og stolpar skal bort, men før det må murfundamentet reiskast for røter og tre. Det er Valen Gartneri og Vedlikehald ved Jone Harkestad som er innleigd for å gjera jobben for Kvinnherad kommune.**

No vert det monterert ny galvanisert flettverksnetting med bølga berestremg oppe og nede. Dette vert gjort for å stiva av gjerde. Eksisterande jarnpålar vert stort sett brukt vidare. Nokre må skiftast ut og nokre må rettast. Der det ikkje er mur, vert det slege ned tryggimpregnert staur. Ved barnehagen skal ha montera ein spesialkonstruert port som berre vaksne kan opna.

Jone Harkestad har godt med arbeid. Det gjeld mellom anna arbeid med gjerde langs vegar og byggetomter, ofte for ulike entreprenørar etter større byggeprosjekt. Dette er eit marked han har vor inne på i om lag 10 år. Kommunen er eit god oppdragsgjevar.



Grantre og røter i grensa til privat eigar og gangvegen er ikkje omfatta av oppgraderinga.

Gjerde og staur kjøper han lokalt, ofte på Kvinnherad Vekstbedrift. Nett no er verksemda stengd. Då måtte han finna ei anna løysing.

Ei siktagran og nokre større og mindre grantre står i grensa mellom skulen og privat grunneigar. Så langt vi kjenner til, skal det ikkje gjerast noko med rydding av dette no. Det er som oftast ein dårleg kombinasjon med grantre, røter og eit gjerde montert på murkant.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal